



Arkivnr: 2014/21613-5
Saksbehandlar: Marta Rongved Dixon

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2015

Klage på vedtak i samband med avslag om støtte til HAKU: Sak PS52/2015

Samandrag:

Hardanger Kunstsule (HAKU) i Norheimsund søkte om kr 300.000,- i støtte frå Kompensasjonsmidlar 2014. Søknaden vart handsama av Samarbeidsrådet for Sunnhordland som sekretariat for styringsgruppa. I vurdering og innstilling frå fylkesrådmannen nådde søknaden frå HAKU ikkje opp i vurderinga samanlikna med andre søknader. I vedtak i sak PS52/2015 blei støtte til HAKU ikkje gitt. HAKU har klaga på avgjerda og styringsgruppa har levert ei ny og meir utfyllande vurdering av søknaden. Vurderinga er at vedtaket om å ikkje støtte prosjektet vert oppretthalde fordi søknaden fell utanfor kriteria for tildeling av kompensasjonsmidlar. 33 prosjekt søkte om midlar frå Kompensasjonsmidlar 2014, 16 av desse nådde ikkje opp i tildelinga.

Forslag til vedtak

HAKU sin søknad om marknadsføring frå Kompensasjonsmidlar for 2014 blir ikkje støtta med bakgrunn i at marknadsføring fell under drift, og søknaden fell derfor ikkje inn under kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.05.2015

Her startar saksutgreiinga

Bakgrunn

Stiftinga Hardanger Kunstskeule starta opp i januar 2013 og er ein privat skule lokalisert til Norheimsund. Skulen får økonomisk støtte til drifta frå staten der storleiken på støtta vert fastsett på grunnlag av elevtalet. I søknader peikar skulen på at ein no ligg i eit grenseland for eit elevtal som kan sikra balanse i drifta, og at det må gjerast eit marknadsføringsarbeid for å retta på dette. Skulen har tidlegare fått støtte frå kompensasjonsmidlane med kr 600.000 i samband med oppstarting.

Kvam herad har profilert seg som ein attraktiv stad å bu for kunstnarar og mange av desse har ved sida av eigen kunstproduksjon og arbeid som lærarar/instruktørar på HAKU. Å sikra framtida til skulen vil dermed også ha betydning for desse. Søkjer meiner i sin klage at HAKU framleis er i ein etableringsfase og ei støtte til marknadsføring for å få auka elevtalet kan vera avgjerande for framtida til skulen.

Stiftinga Hardanger Kunstskeule søkte på dei utlyste Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift. Søknaden gjaldt ekstraordinære midlar til marknadsføringstiltak. Skulen har i oppstarten hatt noko lågare elevtal enn budsjettet.

Skulen, som er ei ideell stifting, har ikkje eigarar som står bak dersom det er behov for ein ekstra innsats utover det som er normale driftsinntekter skaffar til veie. Innsøkinga i oppstarten har vore noko under det som har vore budsjettet. Det er difor nødvendig å setja inn ekstra ressursar på marknadsføring i denne fasen. Det er søkt om kr 300.000,- i støtte i 2014 og kr 150.000 i 2015 og kr 100.000 i 2016.

I Kvam har Kvam Næringsråd gjeve innstilling til søknader – før dei går vidare til styringsgruppa. Til søknaden frå HAKU vart det levert følgjande tilråding til fylkeskommunen:

Tilråding:

Det vert tilrådd at det vert gjeve kr 500.000, men denne saka høyrer truleg inn under Innovasjon Norge. Eventuell støtte for 2015 og 2016 må vurderast etter seinare søknader.

Styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlar

Dagleg leiar i Samarbeidsrådet for Sunnhordland er sekretariat for styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlar. I dette ligg blant anna saksutgreiing av søknadar. Det inneber også ei vurdering opp mot gjeldande kriteria. Innstillinga vert deretter drøfta i eit Arbeidsutval med fem representantar frå styringsgruppa, før det går vidare med ei innstilling til styringsgruppa som gjer endeleg vedtak. Deretter går planen til Hordaland fylkeskommune. Det er ikkje Samarbeidsrådet for Sunnhordland som har innstillingsansvar ovanfor Fylkesutvalet, slik det kjem fram i klagen. Fylkesrådmannen leverer si innstilling til Fylkesutvalet.

Styringsgruppa gjorde følgjande vurdering:

Vurdering opp i mot kriteria

Søknaden er i frå ei bedrift som ikkje oppfyller kravet om lønskostnader på over 15.mill. kroner og går på støtte til marknadsføring. Marknadsføring fell inn under drift og kan ikkje støttast. Styringsgruppa vurderer at søknaden fell utanom kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar og går derfor inn for at søknaden ikkje vert stetta. Hovudkriteriet er at søkjar ikkje fyller krava som vert stilt for å søkja.

Det er dette vedtaket det no vert klaga på.

Ny vurdering

Klagar er samd i at søknaden er i frå ei bedrift som ikkje oppfyller kravet om lønskostnader på over 15 mill. kroner, men argumenterer for at skulen er ein regional utviklingsaktør. Det kan nok skulen definerast som, men det er i seg sjølv ikkje eit kriterium for å få stetta ein søknad. Det burde likevel ikkje vera eit hovudkriterium åleine, slik tilrådinga seier.

Søknaden går på støtte til marknadsføring. I kriteriet for bruk av midlane kan ikkje midlar nyttast til drift. I vurderinga er dette vektlagd. I vurderinga er det ikkje lagt vekt på at HAKU framleis er eit prosjekt, slik klagar påpeiker, då det i søknaden kjem fram at skulen har vore støtta med offentlege midlar sidan 2008. Søkjar argumenterer for at det i følgje dei sentrale føringane for regionale utviklingsmidlar kan følgje eit prosjekt inntil 5 år. Sekretariatet har i si vurdering sett på midlar frå Regionalt Næringsfond i Hardanger som regionale utviklingsmidlar. Det er løyvd midlar frå fondet i perioden 2008-2013.

Styringsgruppa rår Hordaland fylkeskommune til å oppretthald vedtaket.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Med utgangspunkt i styringsgruppa si vurdering ser ikkje fylkesrådmannen at marknadsføringsstøtte til HAKU kjem inn under kriteria for tildeling av kompensasjonsmidlar for 2014. Talet på søknader var omlag det dobbelte av talet på prosjekt som fekk tildelt støtte og søknaden frå HAKU nådde ikkje opp i den samla vurderinga.